

Røykstove frå Gåsnes på Stolmen i Austevoll

Dokumentasjon

Fyrst grov me vekk mold og ustabile massar. For å frakta fram stein funne på garden leigde me ein dumpers som tar 1.5 tonn. Når grunnmuren(tørrmur) var ferdig sette me opp reisverket. Erik Solheim har hogd stavane og stod for arbeidet. Gamal torv og knottplast vart fjerna.

Neste økt hadde han med seg to mann som sette opp taksperrer på tilbygget og fekk strekt taket og lagt på taktekkjing. Her er nytta tjukk tjørepapp, knottplast, firdubbel never langs ufsa og fleire lag never nede langs kantane.

Torva som låg på taket frå før vart vart nytta og i tillegg skar me ein del torv frå bakkane rundt. For å unngå at torva bles av i kantane har me lagt eit tau med garnstein i kleberstein. Graset får då gro og festa torva mellom steinane. Desse må kan hende bytast ut med større stein seinare.

Erik Solheim har laga ny ytterdør og vidu oppe i vest. Den gamle døra me laga i stova er sett inn i koven.

Arbeid som står att er å mura fint inngangsparti, leggje golv i tilbygget og settje inn ei fin ny dør Erik Solheim har laga i veggen mellom tilbygg og stove.

Rekneskap Utgifter

Løn	57.330.-
Stavar, sperrestokkar, sperrer	3.750.-
Einetrokar	1.000.-
Never	6.000.-
Torvtakskrokar	560.-
Takpapp	5.180.-
Torvtaksplast	6.000.-
Reise og transport	5.836.-
Andre utgifter	1.862.-
MVA	22.079
SUM	110.397.-